



ÅRSMELDING 2020

VESTLAND ARBEIDARPARTI

13.MARS 2021

Innhold

ÅRSMØTET 2020	3
REPRESENTASJON	3
KVINNENETTVERKET:	4
Samarbeidskomiteen/fagleg-politisk samarbeid	5
KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN	5
ÆRESMEDLEMMER:	6
ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS	7
STYREMØTER	7
NOMINASJON	8
STORTINGSGRUPPA	10
ORGANISASJON	10
KURS OG OPPLÆRING	11
SLUTTORD	11
Vedlegg 1	14
Vedlegg 2	16

ÅRSMØTET 2020

All førebuing var gjort til årsmøte 14. og 15.mars 2020, då styret gjorde vedtak 10.mars om å utsetje årsmøte grunna situasjonen rundt pandemien. Vi vil alle hugse at det kom strenge tiltak 12.mars.

Årsmøte vart i utgangspunktet utsett til seinare på våren/sommaren 2020. Det var ikkje mogeleg å halde årsmøte seinare så saker frå årsmøtet vart handsame på representantskapsmøte.

- Budsjett og rekneskap vart handsama på representantskapsmøte 18.mai
- Nominasjonsnemnd vart valt på representantskapsmøte 18.mai
- Nominasjonsprosess vart handsama på representantskapsmøte 18.mai
- Industriuttale vart handsama på representantskapsmøte 18.mai
- Redaksjonsnemnda si innstilling vart handsama på representantskapsmøte 24.september
- Val av valnemnd 2021 vart handsama på representantskapsmøte 24.september

Andre val vart ikkje handsama i 2020. Styret og landstyret som vart valt i 2019 har fungert i årsmøteperioden.

Styret har vore:

Leiar	Marte Mjøs Persen, Bergen
Nestleiar	Hilmar Høl, Årdal
Studieleiar	Torgeir Toppe, Bergen
Leiar av Kvinnenett	Siri Sandvik, Stad
Styremedlem	Lene Pilskog, Stord
Styremedlem	Petter Sortland, Høyanger
Styremedlem	Kristin Maurstad, Vågsøy
Styremedlem	Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik
Styremedlem	Marianne Bjørøy, Fjell
1. varamedlem	Helge Robert Midtbø, Førde
2. varamedlem	Linn Kristin Engø, Bergen
3. varamedlem	Nina Bognøy, Alver

REPRESENTASJON

Samarbeidskomiteen LO/AP
i Vestland:

Marte Mjøs Persen
Eigil Knutsen
Hilmar Høl
Nils Støyva
Stig Morten Frøiland

	Marita Westervik Henriksen
Kvinnenettverket:	Siri Sandvik
Studieutval	Torgeir Toppe
Landbruksutval	Hans Petter Thorbjørnsen(leiar) Ragnhild Sæle Nils P.Støyva Knyt Byrkjenes Hauso
Industriutval:	Petter Sortland (leiar) Lene Pilskog Per Rune Henriksen Anne Kauppi Trine Lindborg Trygve Bolstad
Sentralstyret:	Marte Mjøs Persen Hilmar Høl
Landsstyret:	1. Hans Petter Thorbjørnsen 2. Kristin Maurstad 3. Torgeir Toppe 4. Siri Sandvik
Stortinget:	Eigil Knutsen Ingrid Heggø Jette F. Christensen Magne Rommetveit Ruth Grung

KVINNENETTVERKET:

Styringsgruppa i Kvinnenettverket har vore:

Siri Sandvik (leiar), Birgitte Hodneland, Eli Hansen Moen, Hilde Magnusson og Lene Pilskog

Kvinnenettverket har utelukkande hatt treffpunkt på Teams dette året.

Vi hadde eit ope møte i juni der vi fekk innspel om korleis innleiingar vi kunne ha haust og vinter 2020/2021. I august var det møte med alle dei lokale kvinnekontaktene, der temaet var korleis ein kan jobbe som kvinnekontakt og aktivitetar ein kan ha i lokalpartiet.

Frå september til januar har vi hatt til saman 4 temamøter.

Tema har vore:

- samferdsle
- kommuneøkonomi
- likestilling
- debattklima, korleis ta plass når tonen vert tøff
- klimapolitikk - fornybar energi, havvind, det grønne skiftet

Alle kvinnelege medlemer skal vere inviterte via sine lokale kvinnekontakter.

Det har vore flinke innleiarar og god deltaking på alle temamøtene, og det er mange som har teke ordet. Det er svært gode tilbakemeldingar frå desse møta. I eit fylke med store avstandar, er dette noko vi kjem til å gjere meir av, også etter pandemirestriksjonane er avslutta.

Leiar for kvinnenettverket sit også i Styringsgruppa sentralt.

Samarbeidskomiteen/fagleg-politisk samarbeid

Det har vore god kontakt med fagrørsla i perioden. Til tross for pandemi og delvis reiseforbod det meste av året er det gjennomført fleire møte med tillitsvalde kring i fylket.

Samarbeidskomiteen har hatt 5 møte i perioden, og handsama 25 saker. Leiar av komiteen har vore fylkesleiar Marte Mjøs Persen. Sekretær for komiteen er fylkessekretær Stig Morten Frøiland.

Komiteen har naturleg nok vore oppteken av saker som vedkjem industri og tilsette på Vestlandet, og då særleg korleis regjeringa sine ulike krisepakkar påverkar vår landsdel.

Vi vil særleg trekke fram det viktige arbeidet Eigil Knutsen har gjort på dette området. Han har også i deler av perioden vore Arbeiderpartiet sin finsnaspolitiske talsperson i Hadia Tajik si permisjonstid.

På eit par veker på våren var talet på arbeidsledige i Vestland auka frå 7.285 til 33.738. Dette var ein særst vanskeleg situasjon for mange. I landet var det på det meste 300 000 arbeidsledige. Mange bedrifter i landet har fullstendig mista inntektsgrunnlaget sitt. Dette har prega arbeidet i komiteen i 2020.

Komiteen planla å gjennomføre fagleg-politiske konferanse 31. oktober 2020, men på grunn av smittesituasjonen i Bergen og Vestland vart konferansen avlyst.

KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN

Astrid Namtvedt	Sylta	Alver Arbeiderparti
Geir Steinar	Dale	Arbeiderpartiet i Bergen
Terje	Bjaanes	Askvoll Arbeidarparti
Remi Andre	Unnvik	Askøy Arbeiderparti
Leiv Jarle	Bergheim	Aurland Arbeiderparti
Jane Kirsti	Stangeland	Austevoll Arbeiderparti
Per	Lerøy	Austrheim Arbeidarparti
Øystein	Oen	Bjørnafjorden Arbeidarparti

Nils-Jørgen	Sagebø	Bremanger Arbeidarparti
Sverre Hagerup	Sørensen	Bømlo Arbeiderparti
Arild	Riber	Eidfjord Arbeidarparti
Siri	Klokkerstuen	Etne Arbeiderparti
Kamilla Bjerkholt	Karlsen	Fedje Arbeiderparti
Kjell	Nesbø	Fitjar Arbeiderparti
Leif Henning Sæterdalen	Solheim	Fjaler Arbeiderparti
Monica	Grov	Gloppen Arbeiderparti
June Glenjen	Omdahl	Gulen Arbeidarparti
Christian Hatlem	Skår	Hyllestad Arbeidarparti
Kristin Sagerøy	Råsberg	Høyanger Arbeidarparti
Solveig	Willis	Kinn Arbeidarparti
Halvard	Lilletveit	Kvam Arbeiderparti
Svein	Hardeland	Kvinnherad Arbeiderparti
Odd Atle	Stegegjerdet	Luster Arbeidarparti
Kristen Olav	Grøttestebø	Lærdal Arbeiderparti
Britt-Inger	Myhr	Masfjorden Arbeiderparti
Håkon	Hevrøy	Osterøy Arbeiderparti
Shirin Kvernes	Khadoor	Samnanger Arbeiderparti
Liv Synnøve	Bøyum	Sogndal Arbeidarparti
Anne Kari	Reigstad	Solund Arbeidarparti
Harald M Kvame	Hansen	Stad Arbeidarparti
Per Jarle	Valvatne	Stord Arbeidarparti
Jarle	Hessevik	Stryn Arbeidarparti
Siv-Karin	Hestad	Sunnfjord Arbeidarparti
Asle Georg	Halleraker	Sveio Arbeiderparti
Gjermund Lygre	Kongsvik	Tysnes Arbeiderparti
Trygve	Bolstad	Ullensvang Arbeidarparti
Ronny	Lunestad	Ulvik Arbeiderparti
Magne	Hestad	Vaksdal Arbeiderparti
Bjarne	Larsen	Vik Arbeidarparti
Ørjan	Myrmel	Voss Arbeiderparti
Marianne Sandahl	Bjørøy	Øygarden Arbeiderparti
Malvin	Stenehjem	Årdal Arbeiderparti

ÆRESMEDLEMMER:

Vigdis Ravnøy
August Rathke
Malvin Moen
Kåre Øvregard
Knut Erdal
Margot Henden
Arne Jakobsen

ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS

Det er fem stillingar ved partikontoret, to fylkessekretærar, to organisasjonssekretærar og ein kontortilsett. Leonora Hjelle er tilsett i 70% stilling som sekretær for fylkestingsgruppa. Fylkessekretærarane Monica Oppedal og Stig Morten Frøiland er tilsett i Arbeiderpartiet.

Kontorsekretær Elisabeth Refvik og organisasjonssekretærar Arve Helle og Nikolas Dale Skjerping er tilsett i Vestland Arbeidarparti.

Vestland Ap har kontorlokale i Førde og i Bergen

Arve Helle er 55 % som folkevalt fylkespolitikar. Fylkestingsgruppa har tilgang til kontor i kontorfellesskapet.

Vi har i perioden frå 12.mars 2020 hatt for det meste heimekontor. Det har vore faste møte kvar måndag og torsdag på teams, grunna situasjonen med heimekontor.

Dei tilsette på partikontoret deltek i eiga bedriftslegeordning gjennom Bergen Arbeidsmedisinske Senter. Det er ikkje registrert arbeidsulykker på kontoret. Sjukefråveret er lågt.

Vestland Arbeidarparti er med i region vest i Arbeiderpartiet. Regionen er samansett av Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal.

STYREMØTER

Det har vore gjennomført tolv styremøte og handsama 94 saker i årsmøteperioden.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er att saman av 100 representantar. Vestland AUF skal ha 9 representantar etter innstilling frå AUF. Representantskapet vert fordelte på kommunepartia i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst 1 utsending til representantskapet.

Styret i Vestland Arbeidarparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Fylkestingsgruppa og stortingsrepresentantane tiltrer representantskapet. Møta er ope for medlemmer.

Vestland Arbeidarparti hadde tre representantskapsmøte i 2020. Dei var alle som Teams-møte. Møta var:

- 18.mai der Hadia Tajik var innleiar

- 24.september der redaksjonsnemnda si innstilling vart vedteke
- 29.oktober der Mads Kleven i programkomiteen la fram programforslaget, gruppeleiar på fylket Anne Gine Hestetun informerte om arbeidet i fylkestingsgruppa og stortingsrepresentant Eigil Knutsen informerte om arbeidet på Stortinget.

I tillegg vart saker frå årsmøte handsama på møte 18.mai og 24.september. Sjå under «Årsmøtet 2020».

NOMINASJON

Vestland Arbeidarparti har to valdistrikt til stortingsvalet 2021. Det er Hordaland og Sogn og Fjordane.

Nominasjonsnemndene var satt saman slik:

Sogn og Fjordane:

- | | | |
|----|-------------------------|-----------|
| 1. | Reidar Sandal – leiar | Kinn |
| 2. | Anne Kauppi – nestleiar | Årdal |
| 3. | Arve Helle | Fjaler |
| 4. | Monica Grov | Gloppen |
| 5. | Harald Bjarte Reite | Sunnfjord |
| 6. | Kristin Råsberg | Høyanger |
| 7. | Nils P.Støyva | Stryn/LO |
| 8. | Anne Kristin Førde | Bremanger |
| 9. | AUF | |

Vara:

- | | | |
|----|--------------------------|----------|
| 1. | Hans Petter Gilleshammer | Stad |
| 2. | Clara Øberg | Sogndal |
| 3. | Odd Atle Stegegjerdet | Luster |
| 4. | Helen Hjertaas | Kinn |
| 5. | Henrik Oppen | Høyanger |
| 6. | Marta Finden | Vik |
| 7. | Leif Jarle Bergheim | Aurland |
| 8. | Sandra Tenud | Gloppen |
| 9. | AUF | |

Hordaland:

- | | | |
|----|---------------------------|------------|
| 1. | Marianne Bjorøy – leiar | Øygarden |
| 2. | Rune Bakervik – nestleiar | Bergen |
| 3. | Hilde Magnusson | Voss |
| 4. | Helge Haukedal | Masfjorden |
| 5. | Rigmor Heggdal | Bergen |
| 6. | Toralv Mikkelsen | Ullensvang |
| 7. | Torunn Laurhammer | Bømlo |
| 8. | Geir Steinar Dale | Bergen |
| 9. | AUF | |

Vara:

1.	Jannicke B. Clarke	Askøy
2.	Henrik Jorem	Bergen
3.	Ingrid Prestegard	Ulvik
4.	Rita Tveiten	Osterøy
5.	Mari Ingelson Hansen	Bergen
6.	Trygve Bolstad	Ullensvang
7.	Per Jarle Valvatne	Stord
8.	Christian Raknes	Bergen
9.	AUF	

29.november 2020 var det nominasjon til dei to valdistrikta i Hordaland og Sogn og Fjordane. Begge møta vart halde på Teams.

Stortingsvallista til Hordaland:

Nr.	Kandidater	Kommune	Alder
1	Marte Mjøs Persen	Bergen	45
2	Odd Harald Hovland	Bømlo	58
3	Eigil Knutsen	Bergen	32
4	Linda Monsen Merkesdal	Voss	47
5	Lubna Jaffery	Bergen	40
6	Benjamin Jakobsen	Askøy	24
7	Linda Haugland Jondahl	Ullensvang	53
8	Øyvind Oddekalv	Alver	53
9	Helena Haldorsen	Bergen	22
10	Henning Ekerhovd	Øygarden	53
11	Torill Torsvik Størkersen	Masfjorden	52
12	Roald Aga Haug	Ullensvang	48
13	Trine Lindborg	Bjørnafjorden	55
14	Reidar Staalesen	Bergen	40
15	Åse Gunn Husebø	Øygarden	56
16	Idar Martin Herland	Askøy	49
17	Line Berggreen Jacobsen	Bergen	34
18	Thor Andersen	Vaksdal	58
19	Siri Klokkestuen	Etne	61
20	Johannes Myklebust Bysheim	Osterøy	43
21	Hilde Koppen		
22	Jan Fridhtjof Bernt	Bergen	77

Stortingsvallista til Sogn og Fjordane:

	Namn	Alder	Kommuneparti
1.	Torbjørn Vereide	31	Sunnfjord
2.	Marie-Helene Hollevik Brandsdal	44	Årdal
3.	Egil Natvik Vestrheim	19	AUF/Lærdal
4.	Siri Sandvik	52	Stad
5.	Petter Sortland	59	Høyanger

6.	Rita Ørnehaug	53	Hyllestad
7.	Leif Jarle Espedal	48	Fjaler
8.	Doris Christensen	50	Kinn
9.	Jarle Christensen	42	Vik
10.	Paulina Sitarz	18	AUF/Stryn

STORTINGSGRUPPA

Stortingsgruppa har hatt denne samansetjinga:

Frå Hordaland:

- Magne Rommetveit: Medlem i Kontroll- og konstitusjonskomiteen, presidentskapet og gruppestyret
- Jette F Christensen: Medlem i Utanriks- og forsvarskomiteen og Europarådet.
- Eigil Knutsen: Medlem i Finanskomiteen.
- Ruth Grung: Medlem i Energi- og miljøkomiteen. Nordisk Råd.

Frå Sogn og Fjordane:

- Ingrid Bjørketun Heggø: Medlem i Finanskomiteen.

Me er to fylkesbenker i stortingssamanheng, men me fem som representerer Vestland har fungert saman med felles benkemøte kvar onsdag morgon. Der planlegg og fordeler me aktivitetsplanar og møter. Samordnar oss i høve gruppemøtene, og drøftar aktuelle saker for fylket.

Me deltek også aktivt på benkemøta som er i dei to fylka, det er for alle representantane frå Hordaland og Sogn og Fjordane på tvers av dei politiske partia, og det er ein gong i månaden. Der tek me i mot ulike interessegrupper, kommunar og liknande frå heimfylket. Dei har også ein del reiseaktivitet i regionane i fylket. Det har det naturleg vore mindre av i årsmøteperioden.

Me hadde ordførar/gruppeleiarsamling i januar i 2020, men i 2021 har det ikkje vore mogleg. Me vil venta til det kan bli ei fysisk samling, og då nærare opp mot valet.

Magne har vore sjukemeldt i haustsemesteret, og Leif Sande har den tida vore vararepresentant i Stortinget og i kontroll- og konstitusjonskomiteen. Magne er no frå årsskiftet tilbake i full vigør, og me er alle glade for det.

Eigil har som følgje av Hadia sin svangerskapspermisjon overteke som fraksjonsleiar i finanskomiteen. Han er nå ei tydeleg og viktig stemme som partiet sin finanspolitiske talsperson i ei krevjande tid.

ORGANISASJON

Det har vore eit år som har vore prega av pandemisituasjonen. Planane om aktivitetar i fjor vår i kommunepartia og på fylket måtte avlysast.

Likevel har mange av kommunepartia brukt digitale verktøy for å halde aktivitet, dei har halde medlemsmøte og tema møter på Teams. Tilbakemeldingane har vore positive både for at dei har lettare fått innleiarar og det har vore fleire medlemmar som har delteke.

Det har vore enklare å arrangere på tvers av kommuneparti.

Fylkespartiet har hatt teams-møter med kommunepartileiarane.

1.mai feiring vart også råka av at det ikkje kunne være fysiske samlingar.

Tilhøvet og samarbeidet til fagrørsla er godt og dette er svært viktig i høve til arbeidet i organisasjon og i politiske organ.

Samarbeidet med AUF er bra og dei har representantar i ulike utval og nemnder.

Vestland Arbeidarparti hadde pr 31.12.2019, 5032 medlemmer.

KURS OG OPPLÆRING

Studieutvalet har vore samansett av Torgeir Toppe (leiar), Mari Hansen Ingleson, Torbjørn Vereide, Kari Bernadini, Benjamin Jakobsen og Kristin Maurstad.

Utvalet har hatt fleire virtuelle møter og hadde store planer for 2020., men 2020 vart også for oss eit rart år. Studieutvalet hadde lagt opp til ein omfattande aktivitets- og opplæringspla for 2020, men også hos oss sette pandemien ein stoppar for det meste.

Når samfunnet opna opp igjen, i juni -etter den første runden med nedstengninger- hadde vi håpat på stor aktivitet for studieutvalet og hadde planlagt ei rekke besøk i kommunepartia. Vi oppdaga fort at dei lokale organisasjoane hadde nok med å ta igjen eigen aktivitet og gjennomføre lokale arrangement for medlemmane.

Vi fekk gjennomført ein del av dei planlagde aktivitetane i kommunepartilaga både i Hordaland og i Sogn og Fjordane.:

- opplæring i Call Hub
- opplæring i bruk av virtuelle media og digitalopplæring
- opplæring i bruk av Teams
- kurs i bruk av sosiale media
- oppretting av lokale hjemmesider
- digital valgkamp
- gjennomgang av partiprogrammet

Nokre stader var vi heldige og fekk til fysiske besøk, andre stadar har vi måttenytte oss av virtuell opplæring via Teams eller Zoom.

Lærdommen vi må ta med oss etter det spesielle året 2020 er at vi må planlegge for virtuell opplæring og samlingar på Teams eller Zoom, og ta det som ein bonus dersom vi klarar å få til fysiske samlingar.

Torgeir Toppe, leiar

SLUTTORD

Året vi no legg bak oss, kjem til å gå inn i historia som annleisåret. To dagar før vi skulle ha årsmøte i 2020, 12. mars 2020, vart heile landet stengt ned. Borna vart sendt heim frå skulen, vaksne vart sendt på heimekontor, mange vart permittert. Då landet først stengde ned, visste ingen kor lenge det skulle vare, dei færraste av oss trudde det skulle vare så lenge som det har.

Mange har blitt hardt råka av pandemien, mange har blitt permitterte og arbeidslause. Mange slit med psykiske vanskar og sjukdom. Helsepersonell, reinhaldarar, bussjåførar og butikktilsette har stått i førstelinja og utsett seg sjølv og sine familiar for smitte. I skrivande stund har 2, 57 millionar menneske mist livet til korona globalt. I Noreg har over 630 menneske døydd. Arbeidarpartiet har i denne krevjande tida stått i frontlinja for å handtere pandemien med ordførarar og byrådsleiar som leiarar for krisehandtering i sine kommunar. Sentralt har Arbeidarpartiet vore pådrivar for krisepakkar på Stortinget, og krava har i fyrste rekke handla om å gjere fordelinga meir rettvis og meir treffsikker med tanke på utfordringane som industri, reiseliv, hotell- restaurant, kultur med fleire har vore råka av. Kontakten mellom ordførarar, stortingsgruppe og partileiing har blitt styrka med digitale møter og Arbeidarpartiet har lykkast i å gjere veggen kort frå grasrota med direkte kontakt til stortingsgruppa.

Det er ingen tvil om at året også har vore krevjande for Arbeidarpartiet. Dårlege meiningsmålingar kombinert med at det har vore vanskeleg å få til gode veljarmøter og gode møteplassar for tillitsvalde og medlemmer, har også ført til lågare medlemstalsutvikling enn tidlegare. Sistnemnde er det viktig å merke seg for alle tillitsvalde, at er viktig å halde fokus på medlemspleie gjennom heile året. Nokre kommuneparti og lokalparti har vore gode på å legge til rette for medlemsmøte og ringerundar til medlemmer for å minne om at vi er her, og minne om at kontingenter ikkje er betalt. Trass i pandemi og dårlege målingar har kommunepartia og lokalpartia i all hovudsak lykkast i omstillinga til digitale møter. Det skjer spanande aktivitetar i organisasjonen og mange har lykkast i å legge godt til rette for innspel til programdebatten og årsmøta har blitt halde i tråd med god partikultur og gode diskusjonar.

Vestland Arbeidarparti har hatt eit godt samarbeid med AUF i Vestland gjennom året, og vi har delteke i kvarandre sine aktivitetar. Leiar har besøkt møter, sommarleir og konferansar som AUF har arrangert i løpet av året. AUF har delteke aktivt i Vestland AP sine ulike organ, i styret, utval og representantskap. Samarbeidet voner godt for valkampen som ligg føre oss i 2021.

Samarbeidet med fagrørsla har også vore godt. LO og dei ulike forbunda har bidrege aktivt, både i utforming av innspel til partiprogrammet, til industriuttalen som vi vedtok på representantskap i september og til utforming og krav i ulike krisepakker som stortingsgruppa har arbeidd med i året som har gått. Leiar har også vitja ei rekke årsmøte og møter som ulike forbund har halde, og bidratt med innleiingar og helsingstale, samt støtteappellar ved fanemarkeringar.

Å drive organisasjonsarbeid denne tida har vore krevjande, men det finns likevel mange døme på at ved å ta i bruk nye møteplassar, så har vi fått til mykje likevel. Styret vil rette ei stor takk til dei tilsette ved partikontora i Bergen og Førde for deira innsats i året vi legg bak oss. Deira arbeidskvardag har vorte snudd på hovudet, og har i periodar vore svært krevjande, og dei har vore nøydd til å omstille seg til digitale møter og heimekontor.

Førebuing til Stortingsvalet i september er ei prioritert oppgåve, som kjem til å krevje heile organisasjonen sin merksam i tida framføre oss.

Året som ligg framføre oss vil nok også vere ekstraordinært. Det vil kome smitteutbrot i byer og kommunar til vi er i mål med vaksininga av folket. Samstundes skal vi inn i ein sær viktig valkamp. Høgreregjeringa har i dei 8 åra Erna Solberg har vore statsminister gjort skilnadene mellom folk større, dei som allereie hadde mest, har fått meir, og dei som har hatt det vanskelegast har fått det vanskelegare. Med aukande arbeidsløyse og ei klimakrise som ikkje forsvinn mens verdas leiare er opptekne med å handtera ei global pandemi, trengs det fellesskapsløysingar, ein aktiv stat som vil skape ny grøn industri og langt fleire arbeidsplassar. Ein ny sosialdemokratis regjering hausten 2021 trengs for å realisere potensialet i by og land. Eit godt stortingsval for Arbeidarpartiet vil være ein føresetnad for ei ny regjering etter valet. Skal vi lukkast i å nå måla vi har sett oss, treng vi kvar einaste medlem og kvar einaste tillitsvalde i Vestland AP si innsats. Vi må førebu oss på ein pandemitilpassa valkamp, med stor aktivitet på digitale flater, sosiale medium, i avisspalter og i kontakt med veljarar i ulike deler av fylket. Eg vil derfor oppmode alle om å ta i bruk dei verkemiddel som er mogleg, tenk nytt og kreativt, ring rundt til veljarar, skriv innlegg om politikken vår, og inviter kandidatane til møter med lokale bedrifter, tillitsvalde, friviljuge organisasjonar og andre de synst vi skal møte. Vi er sterkast saman, og no trengs alle på dekk skal vi lukkast med målet om at det etter 8 år med ei Høgreregjering skal verte vanlege folk sin tur!

Marte Mjøs Persen, leiar Vestland Arbeidarparti

Vedlegg 1

Årsmelding frå fylkestingsgruppa i Vestland AP 2020

Gruppestyret har vore samansett slik:

Anne Gine Hestetun (gruppeleiar)
Arve Helle (nestleiar)
Nina Bognøy

Leonora Hjelle har vore tilsett som gruppesekretær frå 1. mars.

Gjennom året har gruppa hatt 11 gruppemøte. Møta har i hovudsak vore digitale, men vi har også hatt nokre fysiske møte.

Vi har også faste møte for dei frikjøpte i gruppa omlag kvar fjortande dag.

I tillegg har det vore eit stort antal fraksjonsmøte og koalisjonsmøte i samband med møte i fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala.

Gruppeleiarane i koalisjonen har faste møte annankvar mandag.

Gruppeleiar tiltrer styret i Vestland AP og representantskapet i Bergen AP.

Heile gruppa blir innkalla til i representantskapet i Vestland AP med tale og framleggsrett.

Samarbeidspartia hadde ei todagarssamling i Bergen 23.-24. oktober der ein jobba med budsjettet. Som ei førebuing til dette hadde vi ei gruppesamling i Bergen 22. august.

Desse samlingane har vore svært nyttige for både gruppa og koalisjonen, og er noko ein vil ha årleg.

Dette året har først og fremst vore prega av pandemien. Etter ein normal start på året har tida etter 12. mars vore alt anna enn normal. Det har blitt eit minimum med fysiske møte, mange utsettingar i håp om å kunne møtes fysisk og ei bratt læringskurve på digitale møte.

Sjølv om situasjonen har vore krevjande, så har vi også tileigna oss kunnskap som kjem til å komme godt med den dagen pandemien er over. Vi har lært at vi ikkje treng møtast fysisk heile tida. Også i ein normalsituasjon kan ein god del løysast med digitale møte og på den måten spare både tid og pengar.

Eit godt døme på dette er regionmøta som er eit nytt møtepunkt som vi innførte i fjor. Totalt har vi avvikla 11 regionmøte. Desse møta er ein treffplass der våre tillitsvalde og politikarar ute i kommunane får muligheit til å bli informert om og ta opp ulike saker med oss fylkespolitikarar. Her var det meininga at vi skulle ta dette fysisk og hadde lagt opp eit krevande reiseprogram. I staden vart vi tvinga over på digital plattform og det viste seg å fungere veldig godt.

Vi gjennomførte to møteseriar – ein vår og ein haust- og fekk svært positive tilbakemeldingar. Med nokre mindre justeringar på opplegget er dette noko vi kjem til å halde fram med digitalt også i tida etter pandemien.

I tillegg til regionmøta har vi også sendt ut 4 nyhendebrev frå fylkestingsgruppa der vi informerer om aktuelle saker.

Den økonomiske situasjonen for Vestland er krevande og vi må gjere tøffe prioriteringar

framover. Ikkje minst difor er det viktig at samarbeidet både i gruppa og koalisjonen fungerer. Det første heile året i denne valperioden meiner vi viser at så er tilfelle og vi ser difor fram til det vidare arbeidet både i gruppa og i koalisjonen.

Pandemien har gitt oss store utfordringar på dei fleste politikkområde. Spesielt innan vidaregåande opplæring og kollektiv har konsekvensane vore store, men også innanfor kultur og næring der fylkeskommunen har ei viktig rolle som regional utviklingsaktør har pandemien prega det politiske arbeidet. Av viktige saker som har blitt handsama i meldingsåret kan nemnast følgjande:

- Høyringsuttale til Nasjonal Transportplan
- Byvekstvtalen i Bergensområdet
- Tildeling av midler til trafikkisikringstiltak og planlegging
- Oppstart av regional transportplan
- Mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Vestland
- Nærskuleprinsippet
- Utlysing og justering av opplæringstilbodet
- Tilpassa opplæringstilbod i Vestland
- Fordeling av krisepakke fase 3 gjennom kommunale næringsfond
- Behov og potensial for ei styrka nasjonal karbonfangstsatsing i Vestland
- Bømlo fiskerihamn - garanti for forskottering
- Tilskot til Breiband 2020 - prioriterte utbyggingsområde i Vestland
- Koronatiltakspakke til kultur, idrett og friluftsliv på 17,8 millioner.
- Oppstart regional plan for kultur, idrett og integrering
- Lånegaranti til prosjekt hos KODE og Det vestnorske teateret.
- Etablering av politikk og tilskuddsordningar innan det nye feltet inkludering og mangfold.

Eg vil avslutningsvis takke alle i gruppa og gruppesekretæren for vel utført arbeid. Takk også til stortingsbenken, partikontoret og alle ute i kommunepartia for godt samarbeid.

Bergen, 09.02.21

Anne Gine Hestetun
gruppeleiar

Vedlegg 2

Årsmelding AUF

Årsberetning AUF i Vestland 2020



INNLEDNING

2020 har virkelig vært et spesielt år. Ikke bare for oss i AUF i Vestland, men for hele landet. Vi måtte omstille oss, tenke nytt og kreativt, og så overfor problemstillinger vi ikke engang visste fantes for kort tid siden. Dette har ført til at vi i hovedsak har måtte drive med digital aktivitet store deler av året - og store samlinger på fylksnivå har ikke latt seg gjøre i like stor grad som ordinært. Dette har bydd på utfordringer, men også gitt innsikt i nye måter å arbeide og gjennomføre aktivitet på. Vi er likevel glad for at såpass mange fra AUF i Vestland kunne møtes på vår alternative regionale sommerleir og på AUFs landsmøte.

Til tross for at det har vært vanskelig å møtes fysisk, opplever fylkesstyret at motivasjonen fremdeles er stor i organisasjonen, og at vi i AUF er klar for å stå på dag og natt frem til valgseier.

ÅRSMØTE 2020

Den 8.-9. februar hadde AUF i Vestland årsmøtet i Bergen. Sentralstyremedlemmene Hoda Imad, Agnes Viljugrein og Reidar Fugle Nordhaug ledet oss stødig gjennom årsmøtet som ordstyrere.

Nestleder Astrid Hoem holdt hilsningstale og var med i panelsamtale om 22. juli sammen med sentralstyremedlem Gaute Skjervø. I tillegg kom fylkeslederne Mansoor Hussain (Oslo) og Håkon Einarsve (Trøndelag) for å holde hilsningstale. AUF i Vestland fikk også finfint besøk av Marte Mjøs Persen (leder av Vestland Arbeiderparti) Anne Gine Hestetun (gruppeleder i Vestland Arbeiderparti), Roar Abrahamsen (leder av avd. 5 i Fellesforbundet) og Bhekumusa Adlamini (tidligere leder av SWAYOCO).

Årsmøtet vedtok i tillegg mye god politikk, flere uttalelser og fire store programmer.

Det var en sosial og politisk helg med sene kvelder, akkurat sånn det skal være. Lite visste vi at det skulle bli en av de særdeles få fylkessamlingene dette året. De som ble valgt til å lede oss gjennom dette krevende året var:

Fylkesleder	Endre Toft
1. Nestleder	Paulina Sitarz
2.. Nestleder	Egil Natvik Vestrheim
Økonomiansvarlig	June Gruer
Skole og arbeid	Vegar Klyve
Miljø og klima	Tarjei "TJ" Hamre
Internasjonalt	Nina Haug
Likestilling og inkludering	Megan Thomas
Fagpolitisk ansvarlig	Silje Lindseth
Styremedlem	Thea Louise Esp
Styremedlem	Ole Flåm Svendsen
Styremedlem	Frida Strand

Vara:

Oda Hausberg
Hikaru Ringdal
Mikkel Teigen Refsnes
Johanna Fond
Dag Natvik Vestrheim
Marcus Hornes

Obs:

Sivert Kristiansen Hjortung*Under representantskapet dd.mm. ble Vegar Klyve valgt som ny 2. nestleder. Frida Strand ble valgt inn som styremedlem, Oda Hausberg som 1. vara og Sivert Hjortung som 7. vara.

*Under FS-møte dd.mm trakk Tarjei "TJ" Hamre seg fra fylkesstyret. Han ble ikke erstattet.

LANDSSTYREREPRESENTANTER

Endre Toft
Paulina Sitarz / Frida Strand
Egil Natvik Vestrheim / Vegar Klyve
June Gruer

*Paulina Sitarz meldte forfall til LS dd.mm.åååå og Frida Strand steg inn. Da egil Natvik Vestrheim trakk seg fra nestledervervet, tok ny nestleder Vegar Klyve også over hans landsstyreplass.

SMIL-ANSVARLIGE

Skole og arbeid: Vegar Klyve
Miljø og klima: Tarjei "TJ" Hamre
Internasjonalt: Nina Haug
Likestilling og inkludering: Megan Thomas

UNGDOMSKANDIDATER til Stortinget

Benjamin Jakobsen -- Helena Haldorsen
Egil Natvik Vestrheim -- Paulina Sitarz

SENTRALSTYRET

Reidar Fugle Nordhaug
Ronja Breisnes*

ANSATTE SENTRALT

Henrik Drivenes
Andreas Jansen
Sandra Tenud

SAMARBEID MED VAP OG FAGRØYSLA

Vi er glade for å ha et godt samarbeid med Vestland Arbeiderparti. AUF i Vestland er veldig takknemlige for et formidabelt samarbeid, samtaler og økonomisk og politisk støtte fra våre voksne venner. Vi ser fram til et fortsatt godt samarbeid i årene som kommer, og gleder oss til å kjempe for rettferdighet og framtidsrettet politikk sammen med dere! Endre Toft representerer AUF i Vestland i styret til Vestland Arbeiderparti og møter også med fulle rettigheter på gruppemøtene til Vestland AP.

Vi er også utrolig glad for det gode samarbeidet vi har med hele fagbevegelsen her i Vestland. Vi har jevn dialog, møter, drøftninger, samtaler som hjelper mye i både det organisatoriske og det politiske arbeidet. Det er en stor styrke for hele AUF at AUF i Vestland samarbeider såpass godt med fagbevegelsen her lokalt. Det er vi stolte av.

MEDIA

AUF i Vestland har vært en tydelig stemme i både lokale og regionale aviser i år. Vi landet på totalt 207 medieoppslag, noe vi er stolte over. Vi takker alle som har bidratt med medieoppslag, leserinnlegg og SoMe i året som er gått.

GJENNOMSLAG

AUF i Vestland er en politisk ungdomsorganisasjon og da er det naturlig at det året rundt et fokus på politikk og politikktutvikling. AUF i Vestland jobber strukturert og systematisk i forkant av landsmøtet og fikk dermed flere gode gjennomslag. I tillegg er vi ekstra stolt over de gode gjennomslagene vi har fått opp mot fylkespartiet. Vi takker alle i AUF i Vestland som har arbeidet hardt i sine lokallag, stått på, og sørget for følgende gode og store gjennomslag i Vestland AP:

- -Iskanten
- -Grunnrenteskatt
- -Rusreform
- -Økt satsning på psykisk helse

SOMMERLEIR

På grunn av pandemien ble årets sommerleir avlyst. Det ble likevel avholdt en regional Vestlands-samling der Møre og Romsdal, Rogaland og Vestland arrangerte en felles sommerleir på Dyrkolbotn i Alver kommune. Her hadde vi det svært kjekt, flere gode innledere, bading, volleyball og stemningen var på topp. Hjertelig takk til alle som bidro til at årets alternative sommerleir ble såpass bra som den ble, selv om vi så klart gleder oss til å komme tilbake til Utøya 2021.

Medlemstall

Medlemstallet til AUF i Vestland er lavere enn året tidligere. På grunn av smitteverntiltak og svært begrenset mulighet til å dra på skolebesøk har det naturligvis vært krevende å nå målet vi hadde satt oss for en normal situasjon. Per 31.12.2020 hadde vi 829 medlemmer. Dette er tall som naturligvis skal opp neste år.

Det er likevel en del positive sider ved tallene. Gjenbetalingsgraden er høyere enn på mange år grunnet systematisk og godt arbeid med etterverving. I tillegg har AUF i Vestland rekordmange støttemedlemmer. Dette er tall vi naturlig nok er glade for.

ØKONOMI

Vi startet året med et svært trangt budsjett. Det er vanlig med lavere utgifter ved mellomvalgår, men budsjettet vårt var særdeles lavt og posten årsmøtet 2020 ble oversteget før det nye fylkesstyret hadde blitt vedtatt. Det var derfor stort fokus på å være sparsommelige. Utgiftene var lave fordi det var knyttet usikkerhet til hvilke, og hvor store inntektene ville være. Det var derfor viktig for fylkesstyret å være sparsommelige, og søke flere ekstra midler.

Ettersom flere av våre utgifter er faste har det vært begrenset hvor mye vi kunne spare på aktiviteten, slik at fylkeslaget fortsatte å holde en sparsommelig linje hvor vi tok nøye avveininger på hva vi ville benytte ressursene våre til når vi visste at store arrangementer som sommerleir og årsmøte ville koste. Det løste seg imidlertid veldig fint - både sosialt og økonomisk. Ved den regionale sommerleiren fikk vi støtte fra sentralt, og de resterende midlene betalte de andre fylkeslagene solidarisk for. Landsmøtet som vi hadde spart opp til ble langt dyrere enn antatt for å ivareta smittevern, men gjennom prioriteringer, og støtte fra sentralt fikk vi gjennomført det også!

På slutten av året fikk vi flere uforutsette inntekter noe som reddet vår urealistiske trange økonomi. Derfor er vi nå helt gjeldsfrie, og med penger på konto. Dette skaper et godt utgangspunkt for det nye året, hvor vi vil ha midler nok til å tilby medlemmene våre mye aktivitet når det blir mulig igjen!

AVSLUTNING

AUF i Vestland ønsker til slutt å takke alle dere medlemmer og tillitsvalgte for et utrolig godt og sterkt arbeid i året som er gått. Dere er alle grunnen til at AUF i Vestland går rundt. Uten dere ville det ikke vært noe fylkeslag, og hele fylkesstyret setter utrolig pris på innsatsen som er lagt ned.

Vi takker så mye for året som er gått og gleder oss til å stå på sammen for å vinne valget. Nå er det bare å brette opp ermene i året som kommer. Igjen, takk for et krevende, nytt og spennende år!

Endre Toft og Marita Henriksen